



Deltakande kommunar på fellesmøte 27. jan. 2016  
om Attraktive regionsenter

Dato: 23.02.2016  
Vår ref.: 2014/14561-85  
Saksbehandlar: pernord1  
Dykkar ref.:

## Samordning for utvikling av regionsenter i Hordaland

Hordaland fylkeskommune vil takka alle regionsenterkommunane og representantane for desse for deltaking og engasjement i fellesmøte 27. januar om attraktive regionsenter.

Hordaland fylkeskommune har definert sitt samfunnsoppdrag slik: «Vi utviklar Hordaland». Regional plan for attraktive senter i Hordaland gjer det tydeleg at regionsentera må utviklast vidare for å vera lokale motorar for utvikling. Oppslutninga om møtet 27. januar, og tilbakemeldingane som vart gitt i og etter møtet tydeleggjer regionsentera si viktige rolle. Kommunane sitt engasjement for regionsentera er til inspirasjon for fylkeskommunen som utviklingsaktør, og påverkar prioriteringane.

Regionsentera er dei aktuelle kommunane sitt ansvar, men mykje av utfordringa er å samordna og samla innsats, få til felles prioritering, og å finna og bruka dei gode løysingane som er tilpassa den aktuelle situasjonen.

I fellesmøtet vart det fremja ønskje om at Hordaland fylkeskommune legg til rette for eit felles fora for regionsenterkommunane. Det vart peika på trongen for deling og formidling av kunnskap og erfaringar, og på heilskapsvurdering og samordning frå ulike sektorar og institusjonar ved lokalisering og prioritering. Tilbakemeldinga i møtet frå Hordaland fylkeskommune var; at denne utfordringa ville bli drøfta i fylkeskommunen si toppleiargruppe.

Dette er no gjort, og vi kan melda dette tilbake til regionsenterkommunane:  
Hordaland fylkeskommune vil ta initiativ til å oppretta eit «Forum for regionsenterkommunar i Hordaland». Dette vil bli gjort i samarbeid med regionsenterkommunane. Regionsenterkommunane vert kontakta i nær framtid.

Ansvar for gjennomføringa, og for Hordaland fylkeskommune si interne koordinering mot regionsenterkommunane er lagt til regionalavdelinga under leiing av fylkesdirektør for regional utvikling Bård Sandal.

Vi ser fram til konstruktivt og byggjande samarbeid med regionsenterkommunane!

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Per Nordmark  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*